

Notat – nr. 2/2018

Randi Bergem, Roar Amdam, Silje L. Dahl, Grethe M. Olsen, Ellen S. Synnevåg

Nærmiljø og lokalsamfunn for folkehelsa

**Delrapport frå evaluering av satsinga Kartlegging
og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn
som fremmar folkehelse**



Forfattarar	Randi Bergem, Roar Amdam, Silje L. Dahl, Grethe M. Olsen, Ellen S. Synnevåg
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	1891-5973
Sats	Forfattarar
Distribusjon	http://www.hivolda.no/notat

Nærmiljø og lokalsamfunn for folkehelsa. Delrapport frå evaluering av satsinga *Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse.*

Oppdragsgivar: Helsedirektoratet.

Prosjektnamn: Evaluering av prosjektet *Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse.*

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegne i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Forord

Rapporten *Nærmiljø og lokalsamfunn for folkehelsa* er ein undervegsrapport frå evalueringa av satsinga til Helsedirektoratet *Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse*. Rapporten er den første delrapporten etter det første prosjektåret.

Delrapporteringa bygger på skriftleg dokumentasjon frå Helsedirektoratet, kommunane og fylka som er med i prosjektet, i tillegg til deltaking på samlingar i prosjektet og samtalar med prosjektleiarar i kommunar og fylke.

Resultata frå delrapporteringa har vore formidla munnleg på nettverksamlingar i fleire av deltakarfylka og på nasjonal konferanse for alle fylke og kommunar, som er med i prosjektet, hausten 2017. Rapporten er ei samanstilling av presentasjonar som er formidla på desse samlingane, og består av såleis av kommenterte presentasjonar.

Neste delrapport kjem i mai/juni 2018.

Takk til alle som har medverka til å skaffe tilfang til evalueringa.

Høgskulen i Volda, mars 2018

Randi Bergem,
prosjektleiar

Innhald

Forord	3
Innhald.....	4
Om Nærmiljøprosjektet	5
Om folkehelsearbeid og lokalsamfunnsutvikling	6
Om evalueringa	6
Om rapporten.....	7
Status i Nærmiljøprosjektet	7
Mål 1 – Betre kunnskap som grunnlag for kommunale planprosessar og avgjerder	7
Mål 2- Korleis har folk det? Kva bidreg til trivsel/livskvalitet?	8
Mål 3 - Å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar.....	8
Mål 4 - Å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i utfordringar lokalt og regionalt	12
Mål 5 - Kompetansebygging i samarbeid med utdanningsinstitusjonar.....	13
Fylkeskommunen si rolle.....	15
Generelle kommentarar	15
Oppsummering – status og arbeidet framover	16
Måla for prosjektet – status	16
Nærmiljøprosjektet framover	18
Referansar	20

Om Nærmiljøprosjektet

Helsedirektoratet har etablert ei tilskottssordning der hovudmålet er at satsinga skal medverke til gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse. Ordninga heiter *Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse*. I denne rapporten vert satsinga omtalt som *Nærmiljøprosjektet*.

Delmål med satsinga:

- Å betre dei kvalitative oversiktene over folkehelseutfordringar som grunnlag for kommunale planprosessar og avgjerder
- Å betre kunnskapen om korleis folk har det i nærmiljø og lokalsamfunn, og skaffe kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel
- Å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar
- Å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i utfordingane lokalt og regionalt
- Kompetansebygging i samarbeid med utdanningsinstitusjonar

Tilskott frå ordninga skal gå til:

- Kartlegging og utviklingsarbeid som gjeld nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse.
- Utvikling av døme, metodar og innretning om korleis kunnskap om folkehelsekvalitetar i nærmiljøet kan takast omsyn til i oversikts- og planarbeidet.

Det er fylkeskommunane som kan søke om midlar frå ordninga. For å få midlar har det vore eit krav at fylkeskommunane samarbeider med minst tre kommunar i fylket, og med universitet/høgskule i regionen. Fylkeskommunar og kommunar som får midlar, må stille med eigendel/eigne ressursar i prosjekta. Fylkeskommunar og kommunar får midlar frå ordninga i tre år (2015-2018).

Prosjekta i deltagande fylkeskommunar og kommunar skal dreie seg om å sette i gang/vidareutvikle arbeid som er retta mot nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse. Det er variasjon med tanke på korleis fylkeskommunar og kommunar gjer det, men deltaking, medverknad, mobilisering og planlegging er stikkord som har relevans for alle utviklingsprosjekta.

I alt er det åtte fylke og 41 kommunar som er med i nærmiljøprosjektet. Tabell 1 nedanfor viser kva fylke og kommunar det er.

Tabell 1: Fylkeskommunar og kommunar som er med i Nærmiljøprosjektet

Fylke (8)	Kommunar (41)	
Buskerud	Flesberg, Rollag, Nore og Uvdal	3
Finnmark	Båtsfjord, Hammerfest, Måsøy, Sør-Varanger og Tana	5
Hordaland	Askøy, Bømlo, Fjell og Stord	4
Møre og Romsdal	Giske, Sunndal, Volda, Ulstein, Ørsta og Ålesund	6
Nordland	Alstahaug, Bodø, Dønna, Hattfjelldal, Meløy, Narvik, Rana, Saltdal, Sømna, Vestvågøy og Øksnes (11)	11
Rogaland	Randaberg, Stavanger og Tysvær	3
Vestfold	Horten, Larvik, Sandefjord-Andebu-Stokke, Tjøme og Tønsberg	5
Østfold	Fredrikstad, Sarpsborg, Marker og Trøgstad	4

Så langt synest ikkje talet på deltagande kommunar i dei ulike fylka å ha noko å seie for utviklingsarbeidet, anna enn det inneber meir arbeid for fylket og regional evaluator å følgje opp der det er mange kommunar med.

Om folkehelsearbeid og lokalsamfunnsutvikling

Med **folkehelsearbeid** forstår vi samfunnet sin samla innsats for å halde oppe, betre og fremme folkehelse gjennom å svekke faktorar som medfører helserisiko og styrke faktorar som bidreg til betre helse. Det inneber at alle samfunnssektorar og forvaltningsnivå, både politisk og administrativt, har eit ansvar for å fremme folkehelsa. I eit slikt perspektiv vert folkehelsearbeidet og utvikling av aktive og trygge lokalsamfunn to sider av same sak. Koplinga mellom planlegging og folkehelse er framheva i mange samanhengar, og ikkje minst i Folkehelselova (2011) og Plan- og bygningslova (2008).

Kommunane har et generelt ansvar for lokalsamfunnsutvikling (Kommunelova, 1992). Konkrete reglar om planlegging går fram av Plan- og bygningslova (2008). Denne gir kommunane mange oppgåver innanfor samfunns- og arealplanlegging. Samfunnsutvikling har ein sentral plass i folkehelselova, i den forstand at føremålet med lova er at ho skal bidra til samfunnsutvikling som fremmar folkehelse og utjamnar sosial ulikskap i helse (Folkehelselova, 2011, §1).

Plan- og bygningslova er altså sentral i folkehelsearbeidet, og omsynet til helse skal vere ein naturleg del av kommunal planlegging. Lova omhandlar mellom anna korleis kommunar og fylkeskommunar kan arbeide med folkehelse i kommunalt planarbeid. Nettopp dette er sentralt i prosjektet Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse.

Om evalueringa

På oppdrag for Helsedirektoratet skal Høgskulen i Volda evaluere utviklingsprosjektet. Evalueringa skal bidra til utforming av planar og tiltak for å sikre kunnskapsoverføring og kompetansebygging, også retta mot kommunar og fylkeskommunar som ikkje er med i ordninga/prosjektet. I evalueringa skal vi:

- Følgje med i prosjektet – samle informasjon, erfaringar, døme
- Omtale og kommentere erfaringar, døme og kunnskap frå prosjektet/ordninga
- Gi tilrådingar om korleis arbeidet på feltet kan bli betre og vidareutviklast, både lokalt, regionalt og nasjonalt
- Delta på samlingar og formidle frå evalueringa

Med den tilnærminga tilskottsordninga har, som eit utviklingsarbeid, meiner vi det er mest føremålstenleg at evalueringa handlar om å utarbeide ei kommentert erfarings- og kunnskapoversikt. Det vil seie å skaffe informasjon som skal vere grunnlag for å formidle erfaringane og døme frå arbeidet som er gjort regionalt og lokalt.

Problemstillingar/spørsmål som ligg til grunn for å samle erfaringar frå utviklingsprosjekta i fylkeskommunar og kommunar:

- Kva ligg til grunn for val av tiltak/aktivitetar/prosjekt i fylkeskommunar og kommunar?
- Kven er målgruppene, og kvifor er desse målgruppene valde?
- Korleis arbeider kommunane med medverknadsprosessane? Kvifor arbeider dei slik?
- Kven er involverte i arbeidet, og kvifor?
- Kva er erfaringane med medverknadsprosessane?
- Korleis vert medverknadsprosessane kopla til kommunale plan- og avgjerdss prosessar?
- Korleis er samarbeidet med universitet/høgskular lagt opp?
- Kva er erfaringane med samarbeidet mellom kommunale prosjekt og høgskular/universitet?
- Korleis vert utviklingsarbeidet i kommunane kopla til utdanningane ved høgskular/universitet?
- Kva er erfaringane hos utdanningsinstitusjonane?

I løpet av evalueringa vil vi belyse alle desse spørsmåla, men somme spørsmål vil vere mindre sentrale i delrapportane og meir vektlagde i sluttrapporten. Det kjem mellom anna an på kor langt kommunane, til ei kvar tid, er komne i prosjektet. Til dømes vil spørsmåla om korleis medverknadsprosessane vert kopla til kommunale plan- og avgjerdss prosessar og korleis arbeidet vert kopla til utdanningane ved høgskular/universitet, vere endå meir aktuelt i neste delrapport og i sluttrapporten enn i denne første delrapporten.

Det må elles nemnast at deltakarfylka har samarbeid med regionale utdanningsinstitusjonar, som skal følgje med prosjektet, bidra med kompetansebygging og som vil bidra i evaluering av prosjekta i sine fylke og kommunar.

Om rapporten

Dette dokumentet er ein delrapport frå evalueringa. Rapporten bygger på undervegsrapportar frå fylkeskommunar og kommunar 2017. I tillegg har vi studert søknader, prosjektnotat o.l. frå dei fylkeskommunane og kommunane som er med i prosjektet. Rapporten formidlar først og fremst hovudinntrykk frå arbeidet i fylke og kommunar, og vil i liten grad omtale og vurdere enkeltkommunar og deira arbeid/tiltak. For dei som er interesserte i det, viser vi til rapportar frå fylka og dei regionale evalueringane. Rapporten er ei samanstilling av presentasjonar som er formidla på samlingar for fylke og kommunar i prosjektet, og består såleis av kommenterte presentasjonar.

Status i Nærmiljøprosjektet

Vi har tatt utgangspunkt i måla for satsinga, og prøver å peike på kva som er status og utfordringar for kvart av dei fem hovudmåla i satsinga.

Mål 1 – Betre kunnskap som grunnlag for kommunale planprosessar og avgjelder

Status:

- Kommunane har meir data og informasjon. Men har dei meir kunnskap?
- Bra å kombinere medverknadsprosessar til planarbeid som er på gang
- Har i mindre grad kome i gang med å bruke data/informasjon som grunnlag for planar og avgjelder

Framover:

- Systematisere kunnskapen. Kva veit vi, eigentleg? Prioritere?
- Kople kunnskap - samla gjennom kvalitative metodar - til registerdata og andre kunnskapskjelder som finst
- Korleis arbeide med koplinger til planar/planprosessar og avgjerdss prosessar?

Gjennom medverknadsprosessar har deltakarkommunane samla mykje informasjon om kva innbyggjarar generelt, eldre, barn og unge eller innvandrarar (avhengig av kva målgruppe kommunane har for sine prosjekt) meiner bidreg til trivsel i sine nærmiljø og lokalsamfunn.

Kommunane arbeider med å systematisere kunnskapen for å kople den til planar og avgjelder i kommunane. Vårt inntrykk er at det, så langt i prosjektet, er lagt relativt lite vekt på å kople informasjonen som er samla til annan informasjon og/eller kunnskap som kommunen har.

Spørsmålet om kva **kunnskap** er, bør ligge til grunn for arbeidet med å nå målsetjinga: *Betre kunnskap som grunnlag for kommunale planprosessar og avgjelder*. For at informasjon/data skal bli kunnskap, må den tolkast og setjast inn i ein samanheng. Sentrale spørsmål er: Kva viser kvantitative helseoversikter? Kva viser erfaring i kommunale tenester? Kva veit vi om lokale forhold? Kva seier

forsking på feltet? Når kommunane har eit godt kunnskapsgrunnlag er det tid for å finne ut korleis det kan brukast i kommunale planprosessar og avgjerder.

I neste omgang må ein inn og sjå på korleis kunnskapen/data ein har kan innlemmast i spesifikke planprosessar og planar i kommunane, og då må ein sjølvsagt bort frå det generelle over til det meir spesifikke. Kva (av det som er samla av tal/annan kunnskap) kan og bør brukast i denne planen? Kvifor er dette relevant i dette planarbeidet? Viss dei kan svare på kvifor det er relevant, så trur vi også at det langt på veg gir svar på **korleis** det kan brukast.

Mål 2- Korleis har folk det? Kva bidreg til trivsel/livskvalitet?

Status:

- Mykje kunnskap om kva folk meiner bidreg til trivsel og livskvalitet
- Mindre kunnskap om korleis folk har det

Framover:

- Formidle kunnskapen på ein måte som gir eit godt grunnlag for planar, avgjerder i kommunen
- Korleis dokumentere overfor politikarar i kommunen?

Mange av medverknadsprosessane i prosjekta har handla om at målgruppene, som kan vere innbyggjarar generelt, barn og unge, innvandrarar eller andre, på ulike måtar har formidla sine oppfatningar om og ønske for sine nærmiljø, og om kva dei meiner kan bidra til trivsel og livskvalitet.

Gjennom medverknad er det blitt samla svært mykje informasjon om kva folk meiner bidreg til trivsel, og det er formidla ønske om og forslag til aktivitetar og tiltak. Men i prosjektet og medverknadsprosessane er det lagt mindre vekt på å prøve å finne ut korleis folk har det, og kva det er som gjer at dei har det slik. Vi trur at det å prøve å finne ut meir om korleis folk har det, og kvifor dei har det slik, er eit like viktig spørsmål å finne svar på, som å kartlegge kva dei meiner bidreg til trivsel. Når ein får samla kunnskap **både** om korleis folk har det, og kva dei meiner bidreg til trivsel, har kommunen eit endå betre utgangspunkt for planarbeid og andre avgjerder, som kan bidra til helsefremjande nærmiljø og lokalsamfunn.

Mål 3 - Å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar

Eit viktig mål med prosjektet er å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar. Det er eit mål i seg sjølv å gjere erfaringar med ulike medverknadsmåtar, men det er også tenkt som ein måte å skaffe kvalitativt datamateriale som kan supplere det kvantitative, som kommunane har gjennom helseoversiktene. Medverknadsprosessane og resultata av dei skal bidra til å betre kunnskapsgrunnlaget for kommunale planar og avgjerder.

Vår vurdering er at det er arbeidd svært godt med medverknadsprosessane, og at mange ulike metodar/verktøy er prøvd ut. Det er for det meste ‘ferdigutvikla’ metodar/verktøy/opplegg som er prøvd ut, medan det er færre døme på medverknadsmåtar som er utvikla som del av Nærmiljøprosjektet. På neste side er det ein tabell (Tabell 2) som gir ei oversikt over medverknadsmåtar som er brukte i prosjektet. Oversikta er ikkje uttømmande, men viser breidda i verktøy/instrument/metodar som er brukte.

Tabell 2: Oversikt over medverknadsmåtar som er brukte i Nærmiljøprosjektet i løpet av det første prosjektåret

<ul style="list-style-type: none"> • Barnetråkk • Ungdomstråkk • Gjestebod • Idèverkstad • Kafèdialog/dialogkafe • Kakaokafè • Intervju • (Fokus)gruppeintervju • Spørjeundersøking/skjema • Friluftskartlegging • Folkemøte • Landskapsanalyse • Seminar om medverknad • Spørsmålshefte • Ope prosjektkontor • Kafèdialog og prosjektarbeid i ulike fag – ungdomsskule • Nærbutikkstand med informasjon – intervju/spørjeskjema 	<ul style="list-style-type: none"> • Forum/møteplassar – fokusgruppe • Ordførarbesøk i tettstader og bygder • Besøk ved ulike institusjonar i kommunen • Rullande idèverkstad – dialog, datainnsamling • Nettportal • Nettsider om prosjekta og konkrete tiltak • Nærmiljøkontor • Workshop for publikum i definerte område i kommunen • Ungdomskonferanse • Risikorydding • Sosioromleg kartlegging (desirelines, telling og dotmaps) • Fotokonkurranse • Sosiale media 	<ul style="list-style-type: none"> • Sosiokulturell stadsanalyse • Co-creation Gjestebod • Ope byutviklingskontor • Styringsgruppe • Refleksjonsfilm om medverknad • Elevdag - elevworkshop • Pilotgjennomføring/datainnsamling i skule og barnehage • Kartlegging av aktivitetstilbod-sosiokulturellstadsanalyse – bruk av flyfoto • Spørjeundersøking – opne spørsmål • Levekårsundersøking • Frimarked • Synfaring • Observasjonar • Høyringsinnspele 	<ul style="list-style-type: none"> • Trafikkagenten • Mental Mapping • Workshop – velforeininga • Kartdigitalisering • Åpent hus – Tankefangst: frivillige organisasjonar, innbyggjarar generelt, tilsette i kommunar, næringsliv, skular, foreldremøte, næringsliv • Temadagar • Ugt entreprenørskap og medverknad • Ungdomskonferanse/innovasjonscamp • Verdskafe • Videointervju • Digital historieforteljing • Storytell • Bynettverk
---	---	--	--

Status:

- Mange metodar/verktøy er prøvde i løpet av det første prosjektåret
- Mest bruk av 'ferdig' utvikla metodar/verktøy
- Mindre vekt på utvikling av metodar
- Bra å kombinere medverknadsprosessar til planarbeid som er på gang

Framover:

- Kva er erfaringane så langt?
- Dele erfaringar
- Utvikle metodar/verktøy – jf. mål, viss det er eit sentralt mål med satsinga
- Korleis arbeide for å gjere medverknad til ein kontinuerleg måte å tenke/arbeide på?

Gjennom medverknadsprosessane er det mange som er involverte i prosjektet, og som har brukt tid og ressursar på å bidra. Det er viktig at dei som har bidrige får tilbakemeldingar om korleis det som kom fram i prosessane vert brukt, eller ikkje brukt, i planar og avgjerder i kommunane.

Medverknad vert som regel brukt for å samle informasjon som kan inngå i planarbeidet, men det bør også vurderast om medverknad kan brukast i det vidare arbeidet med utarbeiding av sjølv plandokumentet og i arbeid med å vurdere kva tiltak som kan vere svar på utfordringane, jf. mål 3 i prosjektet.

Medverknad må bli ein verdi/ein måte å tenke på – ikkje berre ein 'happening'. Med tanke på målet om å utvikle metodar for medverknad, så kan nettopp det å gjere medverknad til 'ein måte å jobbe på' sjåast på som ein 'metode', jf. mål 3 i prosjektet.


Så langt har det vore lagt vekt på å samle kunnskap om kva som skaper trivsel og god livskvalitet, ved å kartlegge behov, ønske og synspunkt i ulike grupper i nærmiljø og lokalsamfunn. Dette er gjort gjennom mange ulike medverknadsmetodar. Vårt inntrykk er at kommunane først og fremst har brukt og prøvd ut medverknadsmetodar- og verktøy som er utvikla av andre, men i mindre grad utvikla eigne medverknadsmåtar. I denne evalueringa er det ikkje mogleg å evaluere kvar enkelt av medverknadsmetodane/verktøya. Men inntrykket vårt er at fleire av metodane eignar seg for å skaffe kunnskap om kva det er i nærmiljø og lokalsamfunn som gjer at folk trivst. I mange tilfelle handlar det meir om korleis metoden vert brukt enn om kva metode det dreiar seg om. Medverknad er ein måte å skaffe kunnskap på, men medverknad skal også bidra til å sette i gang tankar og prosessar hos dei som er med. Såleis er medverknad ikkje berre eit verktøy, men også eit mål i seg sjølv, fordi det kan gi mening for folk. Den sida ved medverknad kan gjerne bli endå tydlegare i prosjektet.

I kvart enkelt delprosjekt bør det som er gjort i løpet av det første prosjektåret vurderast, og gjerne med utgangspunkt i spørsmåla:

- Kvifor gjorde vi det slik?
- Kva forventningar vart skapte blant dei som var med i prosessane?
- Kan vi følgje opp og gi tilbakemelding dei som var med? Korleis kan vi eventuelt gjere det?
- Kva kan/bør vi gjere annleis ein annan gong?

Ein metode som var føremålstenleg i ein samanheng (gruppe/kommune), treng ikkje fungere like godt i ein annan samanheng. Korkje kvantitative eller kvalitative datainnsamlingsmåtar er uavhengig

av kontekst og aktørar. Det må gjerne bli lagt til rette for erfaringssdeling, knytte til ulike medverknadsmåtar, i samlingar som fylkeskommunen og Helsedirektoratet arrangerer for kommunane og eventuelt i ein ressursbank. Men viss det skal prioriterast innsats med tanke på erfaringssdeling i ein ressursbank/idèbank, er det kanskje viktigare å dele erfaringar om t.d. korleis ein koplar kunnskap til planar og om korleis samarbeidet med utdanningsinstitusjonar kan gå føre seg. Erfaringane kan koplast til figuren som illustrerer det systematiske folkehelsearbeidet (Helse- og omsorgsdepartementet, 2011).



Figur 1: Oversikt over det systematiske folkehelsearbeidet – jf. sentrale paragrafer i Folkehelselova

Systematisk arbeid med folkehelse inneber at kunnskap om folkehelseutfordringar – regionalt og lokalt - skal ligge til grunn for mål og strategiar, og skal følgjast opp av tiltak. Arbeidet skal evaluerast, til dømes i lys av at utfordringar kan endre seg.

Vi vil poengtere at det å samle kunnskap ikkje er ei eingongshending, men at kunnskapsgrunnlaget må bli supplert og brukt kontinuerleg i den **prosessen** som utviklingsarbeid og planlegging er. Medverknad er også viktig i arbeidet med å få kunnskapen inn i styringssystem og planar, og i iverksetjing av tiltak/i handling. Difor er det bra, viss det i prosjektet framover, kan bli lagt vekt på å tenke systematisk gjennom korleis medverknad kan bli ein måte å arbeide på ‘på det jamne’.

I det lokale arbeidet med å skaffe oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar, som skal vere kunnskapsgrunnlag for kommunale planprosesser og tiltak etter plan- og bygningslova, legg kommunane opp til å supplere kvantitative data med kvalitative data innhenta gjennom deltaking frå ulike grupper. Ulike metodar er brukt, men uansett kva metode ein brukar, er opplæring i metodebruk viktig. I all type medverknad, uavhengig av metode, er det grunnleggande kravet at metodane blir brukte slik at dei fremmar brei deltaking og likeverd. Metodane som er brukte, ser ut til å få fram kva folk opplever som viktige faktorarar for helsefremmande nærmiljø.

Somme kommunar rapporterer at det er viktig å formidle, før prosessen startar, kva som er rammene, tema og formål med medverknad. Men her kan det fort oppstå eit dilemma med at for snevre rammer og sterke føringar i for stor grad styrer tankane og meiningsane til dei som medverkar, og at ein gjennom medverknad ikkje får fram kva deltagaren eigentleg meiner er viktig. Dette dilemmaet kan også bli svært synleg dersom innsamla kvantitative data blir for sterkt førande på meiningsutvekslinga i deltagingsprosessen. Dette kan til dømes skje ved at ein fagperson brukar

kvantitative data til å formidle si tolking av situasjonen, utan å formidle at dei kvantitative data berre fangar ein del av verkelegheita.

Kommunane har lagt mykje vekt på metodar for medverknad. Fleire er opptekne av å lære seg ulike metodar, få erfaringar med desse, og samle erfaringane til seinare bruk. Vi ser absolutt fordelen ved dette, og nytt a av å lage verktøykasser, spørsmålshefte og liknande som kan nyttast i seinare medverknadsprosessar. Samtidig har somme kommunar kanskje lagt litt for lite vekt på å drøfte kva som skal vere føremålet med ein metode, eit tiltak eller eit prosjekt. Dersom det hadde vore brukt litt meir tid på å drøfte og kome fram til kva som skal vere føremålet, så kunne det truleg bidrege til eit endå betre utgangspunkt for det vidare arbeidet med prosjekta lokalt. Det handlar også om forankring, som nokre har peika på som ei utfordring.

Jakta på verktøy og metodar for medverknad har på sett og vis blitt viktigare enn å skaffe seg kunnskap om kva medverknad er og kan vere, og kvifor medverknad er føremålstenleg.

Verktøy/metodar er sjølv sagt viktige i eit prosjekt som har fokus på medverknad og deltaking, men i starten av eit prosjekt er det minst like nyttig å tenke gjennom kva ein vil, og skaffe kunnskap om kvifor ein vil det. På den måten vil det truleg også vere enklare å finne fram til måtar å drive prosessane på, og vere meir målretta med tanke på kven som bør mobiliserast. Sentrale spørsmål er altså: Kva vil vi, eigentleg? Kvifor vil vi det?

I utprøvinga av metodar har fleire av kommunane leigd inn konsulentar til å gjennomføre nokon av medverknadsprosessane. Vi ser fordelen av å leige inn ressursar for å auke kompetansen om ulike metodar for medverknad. Samtidig meiner vi det er ei ulempe ved det å leige inn eksterne aktørar, fordi kompetansen ikkje nødvendigvis vert overført til aktørane i kommunen, og forsvinn ut igjen saman med konsulentane. Det er mykje læring i å gjennomføre medverknadsprosessar sjølv, som kan vidareførast til seinare situasjoner.

Nokre kommunar har kopla aktivitet i utviklingsprosjektet til prosessar og planarbeid som elles skulle gå føre seg i kommunen, og dei har gode erfaringar med det. Til dømes har ein kommune brukt Nærmiljøprosjektet til å setje i gang prosessar, slik at barn og unge har fått medverke i arbeidet med utviklingsplanen for kommunen. Det hadde truleg vore lite deltaking frå barn og unge si side i arbeidet med utviklingsplanen, dersom ikkje Nærmiljøprosjektet hadde kopla seg på arbeidet.

Mål 4 - Å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i utfordringar lokalt og regionalt

Eit av måla i Nærmiljøprosjektet er at det skal legge grunnlag for å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i lokale og regionale utfordringar, men midlar frå ordninga skal ikkje gå til å finansiere sjølve gjennomføringa av tiltak og aktivitetar. Dei lokale og regionale utfordringane, som skal ligge til grunn for utvikling av tiltak, er mellom anna kartlagde gjennom medverknadsprosessane.

Status:

- Det er mange tiltak og aktivitetar på gang

Framover:

- Konkretisere/systematisere kunnskapen om trivsel og livskvalitet
- Kva er samanhengen mellom kunnskapen/utfordringane og tiltaka?
- Kvifor vil vi setje i gang denne aktiviteten/tiltaket?
- Prioritere
- Vurdere å inkludere i eksisterande tiltak/aktivitetar

- Kompetanse i søknadsskriving for å skaffe midlar til tiltak og aktivitetar

På sett og vis kan det vere enklare, og dermed også meir freistande, å initiere tiltak og aktivitetar, gjerne med utgangspunkt i ønske og behov som er kartlagde gjennom medverknadsprosessane, enn det er å bruke tid på å få eit godt grunnlag for å vurdere kva tiltaket/aktiviteten skal vere eit svar på. Dette gjeld også i Nærmiljøprosjektet. Det kan føre til at ein hoppar over viktige diskusjonar og vurderingar av kva som eigentleg er utfordringar. Planleggingsprosessar kan vere gode arenaer for slike diskusjonar.

Føremålet med planlegging er mellom anna at det skal fremje heilskap og vere langsiktig. Difor bør planlegginga brukast til å sjå utfordringane - som er kartlagde - og ulike tiltak i samanheng, og det er denne kunnskapen som skal vise igjen i kommunale planar og prioriteringar.

Mål 5 - Kompetansebygging i samarbeid med utdanningsinstitusjonar

Kompetansebygging er eit sentralt mål med prosjektet. Alle dei åtte fylkeskommunane har skrive samarbeidsavtale med ein høgskule eller eit universitet i sin region. Det var ein føresetnad for å få tilskottsmidlar frå Helsedirektoratet. Utdanningsinstitusjonane si rolle er å følgje med på det som skjer i fylke og kommunar og på ulike måtar å bidra i utviklingsarbeidet, avhengig av behov. Tabell 3 nedanfor viser kva utdannings- og forskingsinstitusjonar som er kopla til Nærmiljøprosjektet.

Tabell 3: Utdanningsinstitusjonar som er kopla til Nærmiljøprosjektet

Fylke (8)	Forskings- og utdanningsinstitusjonar (7)
Buskerud	Høgskolen i Sørøst-Norge – HSN
Finnmark	Universitetet i Tromsø – Norges Arktiske Universitet – UIT (Tromsø og Alta)
Hordaland	Høgskulen på Vestlandet – HVL
Møre og Romsdal	Høgskulen i Volda – HVO
Nordland	Nordlandsforskning
Rogaland	Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling - HLB
Vestfold	Høgskolen i Sørøst-Norge – HSN
Østfold	Høgskolen i Østfold – HiØ

Forskins- og utdanningsinstitusjonane kan bidra i prosessane med å hente inn, kombinere og tolke ulike kunnskapskjelder. Vår oppfatning er at generelle element frå forskingsprosessar og forskingsmetode kan brukast her. Dette kan til dømes gjerast ved å rettleie om kva som er eigenskapar ved innsamling og bruk av høvesvis kvantitative data/register/tal og kvalitative data, og kva som kan vere bra ved å kombinere desse.

Status:

- Både fylkeskommunen og enkeltkommunar samarbeider med regionale utdanningsinstitusjonar om kompetansebygging
- Relativt stor variasjon i korleis samarbeidet er lagt opp
- Relativt stor variasjon i kva ressursar (økonomi/tid) som er lagt i evaluering/følge-med

- Det har kome mykje bra ut av samarbeidet, som t.d. konferansar, auka kompetanse (om medverknad, korleis kartlegge utfordringar, utvikle kunnskapsgrunnlag, kopling til planar), publisering, studentarbeid og samarbeidsprosjekt om FoU

Framover:

- Meir vekt på dialog for auka kompetanse t.d. med tanke på integrering av kunnskap i planarbeid
- Systematisering og dokumentasjon av kunnskap
- Integrere kunnskap i utdanningar – trekke inn studentar
- Kva rolle skal utdanningsinstitusjonar ha i dei eventuelle regionale evalueringane

Utdanningsinstitusjonane deltek på nettverkssamlingane som fylkeskommunane arrangerer, og er i ulike grad involverte i det som skjer i kommunane. Somme er også aktivt med i medverknadsprosessar. Utdanningsinstitusjonane bidreg med faglege innlegg om tema, som til dømes lokalsamfunnsutvikling, medverknad, prosessleiring og relasjonsbygging, og prosjektleiring. På samlingar der kommunane har presentert sine prosjekt har utdanningsinstitusjonane hatt ei rolle som kommentator/dialogpart.

Erfaringane frå prosjektet inngår i FoU-arbeid, og blir brukt i utdanningane. I somme tilfelle er studentar med i kartlegging og medverknadsprosessar. Dei regionale utdanningsinstitusjonane er aktive i diskusjonar, og bidreg også med å planlegge konferansar.

Samarbeidet mellom fylkeskommunen/kommunane og utdanningsinstitusjonane er lagt opp utifrå ein tanke om at kompetansebygginga skal vere gjensidig. Erfaringar frå og kunnskap om Nærmiljøprosjektet generelt og dei lokale utviklingsprosjekta spesielt, er trekt inn i ulike utdanningar gjennom forelesingar, rettleiring og anna aktivitet. Utdanningsinstitusjonar har også kopla studentar til enkelprosjekt i kommunar, og har som vidare mål å involvere fleire studentar. I tillegg er det døme på at utdanningsinstitusjonar brukar aktørar frå prosjektkommunar som gjesteforelesarar.

Fleire av kommunane omtalar samarbeidet som ein vinn-vinn situasjon for alle partar, spesielt i kommunar der studentar har vore involvert. Her meiner dei at samtalar med studentar og involvering av dei i ulike prosjekt skapar engasjement og auka kompetanse internt i kommunen, og kan bidra til auka forståing for planlegging, administrasjon og samfunnsutvikling hos studentane.

Samarbeidet mellom kommunar, fylkeskommunar og utdanningsinstitusjonar har altså vore svært nyttig på mange ulike måtar. Men vi trur at utdanningsinstitusjonane kan bli ein endå tydlegare aktør, mellom anna med tanke på korleis prosjektet kan spele ei rolle i utdanningar.

Nærmiljøprosjektet skal bidra til kompetansebygging i kommunar og fylke, men det er også stort potensial for at Nærmiljøprosjektet på ulike måtar kan bidra inn i utdanningar. Døme på det er at masterstudentar skriv oppgåver med problemstillingar henta frå Nærmiljøprosjektet, eller med sterkt relevans for idéane i prosjektet.

Vi meiner det er eit svært godt grep at utdanningsinstitusjonar er kopla på denne satsinga, anten det er dei regionale og/eller dei lokale prosjekta. Utdanningsinstitusjonane kan bidra fagleg i prosjektet, men får også utbyte ved at dei knyter prosjektet til eigne utdanningar på ulike måtar. Men potensialet er framleis stort med tanke på kva fylkeskommunar, kommunar og utdanningsinstitusjonar kan få ut av samarbeidet i Nærmiljøprosjektet.

Fylkeskommunen si rolle

Fylkeskommunen koordinerer dei lokale prosjekta, samlar kommunane og legg til rette for kompetansehevande tiltak. Fylkeskommunane arrangerer jamleg samlingar for kommunane som er med i Nærmiljøprosjektet. Prosjektleiarane i kommunane deltek på desse samlingane, elles kan det variere kven som er med frå deltakarkommunane. I mange tilfelle er rådmann eller nokon frå rådmannsstaben med og/eller planleggjarar. Vi meiner det er ein god måte å forankre prosjekt på, og ikkje minst ein god måte å synleggjere at prosjekta, på ulike måtar, skal bidra i og vere grunnlag for planprosessar og avgjerder i kommunane.

Kommunane har svært godt utbyte av det som skjer på desse samlingane, både når det gjeld fylkeskommunen si rolle som koordinator og støttespelar, og når det gjeld erfaringsutvekslinga mellom kommunane som er med. Kommunane gir uttrykk for at fylkeskommunen følgjer godt opp det kommunane melder av behov med tanke på å kunne gjennomføre dei lokale prosjekta, og vårt inntrykk er at kommunane, for det meste, er tilfredse med fylkeskommunen si rolle i Nærmiljøprosjektet.

Fylkeskommunane vektlegg kompetansebygging som ein viktig del av utviklingsarbeidet, og etter eigne vurderingar synest dei å ha lykkast bra med dette. Dei trekker fram at prosjektet har gitt eit løft når det gjeld kunnskap og tverrfagleg samarbeid, metodebruk og forståing av folkehelse i det kommunale planarbeidet. Både fylka og kommunane har også erfart at det å kombinere kvantitative og kvalitative data gir eit betre kunnskapsgrunnlag for kommunale plan- og vedtaksprosessar. Men i fleire av kommunane, der det er høg utskifting av tilsette, opplever dei likevel at det er utfordrande å halde god framdrift i prosjektet.

Generelle kommentarar

Både fylke og kommunar har valt å gjennomføre utviklingsarbeida som prosjekt. Dette bidreg til å peike ut ansvarlege for gjennomføring av prosjekta, men samstundes gir det ei utfordring med tanke på korleis prosjekta og arbeidsmåten blir legitimerte av andre aktørar i kommunane og fylka, enn dei som direkte er med i prosjektet.

Så langt synest avgrensinga av prosjekta i kommunane å avspegle situasjonen kommunane opplever, og det er stor spennvidde i kva for befolkningsgrupper og tema dei har peika ut som viktige i utviklingsarbeidet. Dette gir grunnlag for å skaffe av eit breitt erfaringsmateriale. Vidare viser det at folkehelsearbeid er eit vidt omgrep som i substans dekker nærmiljø, friluftsområde, tettstadar, unge, eldre, innvandrarar m.m.

Førebels ser det ut til at det er målet: 'Å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar' som i størst grad har vore vektlagt i dei lokale utviklingsprosjekta. Medverknadsprosessar gir nyttig kunnskap om og erfaringar med ulike former for medverknad. Dessutan vil det som kjem fram i desse prosessane, sjølv sagt kunne gi kunnskap om korleis folk har det og kva som gir livskvalitet, som er to andre sentrale mål i Nærmiljøprosjektet.

Når det gjeld målet: 'Å betre dei kvalitative oversiktene over folkehelseutfordringar som grunnlag for kommunale planprosessar og avgjerder', er vårt inntrykk at det samla sett har vore lagt mindre vekt på dette, så langt i prosjektet. Men det er stor variasjon mellom kommunane. Nokre kommunar har allereie inkludert resultat frå medverknadsprosessane i arbeidet med oversikt over helsetilstand, eller har som mål å inkludere resultata inn i ulike planverk, medan andre har brukt mindre tid på

dette. Det kan sjølvsagt forklarast med at kommunane framleis er midt i ein prosjektperiode, og at måla i prosjektet blir tillagt ulik vekt avhengig av kvar i prosjektfasen ein er. Men vi trur det er viktig å vere bevisst på at noko av hovudmålet med satsinga nettopp er å skape gode koplingar mellom medverknadsprosessar, utfordringar, kunnskapen ein skaffar og planleggingsprosessane i kommunane. Det er viktig å knyte erfaringane frå enkelttiltak/prosjekt opp mot styringssystem og planlegginga i kommunane. Vi trur det kan vere nødvendig å legge meir vekt på dette framover.

Fleire av kommunane synest å legge opp til ein analysefase der kvantitative og kvalitative skal sjåast i samanheng, men dersom det tek lang tid før resultata av analysen kjem til syne i planar, handlingsprogram og konkrete tiltak, kan mykje av den endringsviljen og energien - som blei skapt i medverknadsprosessar og i analysefasen - kanskje vere borte når kommunen treng den i gjennomføringa. Difor er det viktig at kommunane før den set i gang med deltaking og mobilisering, førebur seg på korleis ein skal møte den forventninga som deltaking i utviklingsprosessar skaper.

Både fylka og kommunane er opptekne av å la kunnskapsgrunnlaget som utviklingsarbeid gir, styrke arbeidet deira med planar og vedtak. Dette er positivt, men i alle slike prosessar blir kunnskap brukt selektivt i ein maktkamp om kva og kven som skal prioriterast. Korkje kvantitativ eller kvalitativ data kan oppfattast som ein objektiv storleik som er uavhengig av kontekst og aktørar. Difor er det viktig at kunnskapsgrunnlaget blir supplert og brukt kontinuerleg i den meiningsdanningsprosessen som utviklingsarbeid, planlegging og politikk er.

Politikarar kan spele ei viktig rolle i slikt utviklingsarbeid, som Nærmiljøprosjektet er. Dei kommunane som har klart å mobilisere politikarar, som viser interessere for prosjektet, får eit godt utgangspunkt for å kunne gjennomføre prosjektet på måtar, som kan gi godt grunnlag for kommunalt planarbeid og avgjerder.

Organiseringa av prosjekta kan spele ei rolle med tanke på så skape koplingar mellom kunnskap om utfordringar og styringssistema/planprosessane i kommunen. For å få til gode koplingar til planleggingsprosessar og avgjerdssystem, vil det vere føremålstenleg at prosjektleiarene er plassert i planavdeling/staben, eller at nokon frå planavdelinga er med i prosjektgruppa eller samarbeider tett med prosjektleiarene. Dette skjer i dei fleste kommunane.

Nærmiljøprosjektet er ikkje innretta på å finansiere drift av tiltak/aktivitetar. Mange av utfordringane og ideane som kjem fram gjennom nærmiljøprosjekta lokalt, føreset likevel midlar til oppfølging. Noko kan følgjast opp ved at det nettopp blir innlemma i plan- og avgjerdssprosessar, og kan på den måten bli inkludert i kommunebudsjettet, medan anna må følgjast opp gjennom å skaffe midlar på andre måtar. Det er derfor behov for kunnskap om finansieringskjelder og om å skrive søknader.

Oppsummering – status og arbeidet framover

Måla for prosjektet – status

Betre kunnskap som grunnlag for kommunale planprosessar og avgjerder

Kommunane har, på ulike måtar, samla mykje kunnskap om kva som bidreg til trivsel og gode lokalsamfunn, og om kva innbyggjarane og/eller spesifikke grupper meiner kan gjerast for å utvikle helsefremjande nærmiljø og lokalsamfunn.

For å kunne bruke kunnskapen føremålstenleg i planprosessar og som grunnlag for tiltak og handling, må kunnskapen som er samla systematiserast, og gjerne koplast til annan kunnskap kommunen har (til dømes oversikter over helsetilstand, registerdata o.l.). Dei regionale utdanningsinstitusjonane,

som er knytte til prosjektet, kan gjerne bidra i den samanhengen, fordi dei har metodekompetanse og erfaring med å bearbeide og analysere data. Slik systematisering er viktig med tanke på å kunne seie noko om kva ein eigentleg har fått kunnskap om, og om korleis kunnskapen/datamaterialet kan brukast, eventuelt ikkje kan brukast, i planarbeid og avgjerdsprosessar i kommunen.

Å betre kunnskapen om korleis folk har det i nærmiljø og lokalsamfunn, og skaffe kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel

Kunnskapen som blir samla i prosjekta rundt om i kommunane skal seie noko om korleis folk har det og kva som bidreg til helsefremjande nærmiljø og lokalsamfunn. Vi har ikkje hatt høve til å samle informasjon om dette på ein systematisk måte, og vi kan ikkje konkludere når det gjeld dette spørsmålet. Vi ser likevel at dei lokale prosjekta først og fremst prøver å skaffe kunnskap om kva som bidreg til trivsel, kva innbyggjarar og spesifikke grupper ønskjer og uttrykker behov for (av og til i form av 'ønskelister'), og at kommunane i mindre grad har kartlagt korleis folk har det. Ei slik vinkling er forståeleg med tanke på at kunnskapen skal ligge til grunn for vidare planarbeid og avgjerder om tiltak i kommunen. Men vi trur det at det med fordel kunne vore lagt noko meir vekt på å finne ut korleis folk har det, fordi det vil kunne vere eit godt grunnlag for å finne ut kva som er utfordringar i nærmiljø og lokalsamfunn.

Å utvikle og prøve ut medverknadsmåtar

Av dei fem måla i prosjektet, har dei lokale prosjekta brukt mest tid på å arbeide med dette målet. Det er prøvd ut ei rekke medverknadsmåtar, som for det meste er verktøy og opplegg som andre har utvikla, og det er i liten grad utvikla medverknadsmåtar. Gjennom medverknadsprosessane er det samla mykje informasjon om utfordringar, behov og ønske, som er eit godt utgangspunkt for å utforme eit kunnskapsgrunnlag for kommunale planar og avgjerder. Det bør leggast vekt på å kople denne kvalitative informasjon til det kvantitative (t.d. kommunale helseoversikter), slik at ein får eit godt kunnskapsgrunnlag.

Å utvikle tiltak som tek utgangspunkt i utfordringar lokalt og regionalt

Utfordringar som er kartlagde gjennom dei ulike medverknadsprosessane, er eit godt utgangspunkt for å utvikle tiltak lokalt og regionalt. Men det føreset at kunnskapen er bearbeidd og systematisert på ein slik måte at det er nokolunde klart kva som er faktiske utfordringar, og kva som snarare er ønske, slik at tiltaka kan målrettast for å møte utfordringane. Kommunane kan sjølv sagt også legge til grunn kunnskap om utfordringar som har kome fram på andre måtar enn Nærmiljøprosjektet.

Det er føremålstenleg å stille spørsmål knytt til samanhengen mellom kartlagde utfordringar og tiltaka som blir sette i gang for å møte utfordringane. Ein bør også tenke gjennom om eksisterande tiltak, aktivitetar og tenester i kommunen kan brukast som dei er eller vidareutviklast med tanke på å møte utfordringane.

Kompetansebygging i samarbeid med utdanningsinstitusjonar

Avtale mellom fylkeskommunen og ein regional utdanningsinstitusjon var ein føresetnad for å få midlar frå Helsedirektoratet. Såleis har alle seks deltarfylka slik avtale. Poenget med samarbeidet er at det skal bidra til kompetansebygging i fylkeskommunar, kommunar og i utdanningsinstitusjonane. Stikkord er: faglege bidrag frå utdanningsinstitusjonar, involvering av studentar, evaluering av medverknadsprosessar og andre sider ved prosjekta. Det er relativt stor variasjon mellom fylka med tanke på kva aktivitetar og omfang som ligg i samarbeidet. Alle

deltakarane ser verdien av å samarbeide slik det blir gjort i Nærmiljøprosjektet, men det er potensial for å hente ut meir.

Nærmiljøprosjektet framover

Som del av prosjektet *Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse*, er det gjort mykje godt arbeid i fylkeskommunar og kommunar som peikar i same retning som måla for prosjektet. Framover bør det leggast vekt på følgjande spørsmål og moment, som er nedanfor er presenterte utifra ein tanke om kva som er aller mest sentralt i Nærmiljøprosjektet i tida som er att av prosjektet:

Systematisere kunnskap om utfordringar og korleis folk har det. Dokumentere og kople til planar og avgjerder:

- Arbeide fram eit tydeleg kunnskapsgrunnlag – kople det som er kome fram i medverknadsprosessane til andre kjelder/erfaringar/kunnskap, til dømes til helseoversikter, eigne erfaringar, FoU- arbeid m.m. Viktig spørsmål er: Kva veit vi om korleis folk har det? Kva veit vi om utfordringane i vår kommune når vi samlar kunnskap frå ulike kunnskapskjelder?
- Prioritere mellom utfordringane?
- Kople medverknadsprosessar, utfordringar og samla kunnskap til *planleggingsprosessane og avgjerder* i kommunane
- Prosessane og medverknaden må ikkje stoppe ved kartlegginga av utfordringar, men medverknad kan også vere eit verkemiddel i arbeidet med å få kunnskapen inn i styringssystem og planar, og som grunnlag for avgjerder.
- Bruke lovverk, retningsliner, allereie vedtekne planar meir aktivt. Kva kan brukast av dette for å argumentere for å få tiltak/aktivitetar/måtar å jobbe på o.l. inn i andre planar og avgjerdssprosessar?
- Ta med kommunaleiinga - både administrasjonen og politikarane - på samlingar i prosjektet lokalt og regionalt, og kople Nærmiljøprosjektet til plankonferansar og andre samlingar som er relevante for helsefremjande nærmiljø og lokalsamfunn. Det kan gjerast både nasjonalt, regionalt og lokalt.
- Dokumentere overfor politikarar og administrasjonen i kommunen funn og arbeid som er gjort
- Verken kvantitative eller kvalitative data er uavhengig av kontekst og aktørar. Difor er det viktig at kunnskapsgrunnlaget blir supplert og brukt kontinuerleg i den prosessen som utviklingsarbeid, planlegging og politikk er.

Når det gjeld medverknad meiner vi følgjande moment/spørsmål er sentrale:

- Kvifor skal vi ha medverknad i den samanhengen vi vil bruke det? Er det for å betre kunnskapsgrunnlaget, eller er det for å auke kompetansebygging i medverknad? Eller er det både/og?
- Kva forventningar er skapte i medverknadsprosessane? Kva gjer kommunen med dei?
- Ein metode som var føremålstenleg i ein samanheng (gruppe/kommune), treng ikkje fungere i ein annan samanheng.
- Systematisere erfaringane frå medverknadsprosessane, slik at det også kan vere grunnlaget for erfaringssdeling.

Om samarbeid med utdanningsinstitusjonar/kompetansemiljø:

- Meir vekt på dialog for auka kompetanse t.d. med tanke på korleis ein kan systematisere og dokumentere det kommunen samla sett per i dag veit om lokale folkehelseutfordringar.
- Samarbeide med kompetansemiljøa om å kople kunnskapen til planar og avgjerder i kommunen.
- Utdanningsinstitusjonane må bruke erfaringar frå prosjektet systematisk/aktivt i utdanningane.

Når det gjeld å bruke kunnskapsgrunnlaget som utgangspunkt for tiltak og aktivitetar er følgjande spørsmål/moment relevante:

- Korleis forholde seg til aktivitetar/konkrete tiltak innanfor rammene av prosjektet?
- Kva utfordringar kan vi finne svara på blant tenester og aktivitetar som kommunen allereie har?
- Vise at ein gjer bra arbeid – i staden for å starte med å be om nye stillingar og/eller be om framhald av stillingar.
- Auke kunnskapen om finanseringskjelder og søknadsskriving.
- Utforme FoU-prosjekt i samarbeid med utdanningsinstitusjonar/kompetansemiljø, og søke finansiering til utviklingsprosjekt.

Referansar

Folkehelselova (2011). *Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova).*
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29?q=Folkehelselova>

Kommunelova (1992). *Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).*
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-09-25-107?q=Kommunelova>

Plan- og bygningslova (2008). *Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven).*
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71?q=Plan-%20og%20bygningsloven>

Helse- og omsorgsdepartementet (2011). *Rundskriv I-6/2011 til folkehelseloven.*
https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/hod/dokumenter-fha/rundskrivi6_2011ny.pdf